NYE VOLDA KOMMUNE

# REFERAT – KOMMUNEREFORM

## Telefonmøte Smia/Volda

03.10.2019 kl. 10:30

**Til stades:**
Rune Sjurgard, Rådmann/prosjektleiar
Ann Kristin Langeland, Rådmann
Asbjørn Moltudal, ass. Rådmann Volda
Hovudtillitsvalt Fagforbundet, Oddbjørg Yksnøy Rangsæter
Joakim Rødven (referent)

## Agenda:

| **Aktivitet**<br>**1. Saker til Fellesnemnda 17.oktober** | **Ansvarleg oppfølging** |
|---|---|
| Følgjande saker vert førebels sett opp til møtet 17. oktober: | |
| **Vedtakssaker** | |
| - Tenesteytingsavtale Kyrkja | JMM |
| - Legevakt | SBR |
| - Budsjettkontroll | KMS |
| - Retningsliner grendeutval | JR |
| - Sak om målform/målvedtak | IJJ |
| - Sak om felles middag kommunestyra | SH |
| - Forliksråd | AM |
| - Ruspolitisk handlingsplan – vedtak om utlegging til offentleg ettersyn/høyring | IJJ |
| **Orienteringssaker** | |
| - Barnehagedrift Volda sentrum | PIK |
| - Kommunikasjonsplan | JR |
| - Prosjekt rehabilitering – samarbeid kommunane og Helseforetaket | RS |
| - Interkommunale samarbeid | RS/JMM |
| - Beredsskap | RS |

| **Aktivitet**<br>**2. Beredskapsplan for «nye» Volda kommune** | **Ansvarleg oppfølging** |
|---|---|
| Beredskapskonsulent i Volda kommune, Asbjørn Moltudal, orienterte at ein i første omgang ynskjer å gjere seg ferdig med heilskapleg ROS-analyse for uønskte hendingar i Volda og Hornindal. Denne analysen skal gi svar på kva som eventuelt må gjerast betre i ein ny plan for beredskap, og resultata skal liggje til grunn for ein ny beredskapsplan som skal vedtakast i det nye kommunestyret.<br><br>I dagens beredskapsplan for Volda kommune ligg det elles inne eit årshjul, der ein i januar ajourfører planen i januar, sender ut planen til leiararar i februar/mars for ein gjennomgang og oppfrisking i avdelingane før det vert eit møte i beredskapsrådet i mai/juni. I tillegg er det årleg øving på hausten.<br><br>Fram til det vert utarbeidd ny beredsskapsplan for ny kommune vil ein nytte dei eksisterande beredsskapsplanane for Hornindal og Volda med ei oppdatering m.o.t roller mv. | AM<br><br>AM |

| **Aktivitet**<br>**3. Avslutningskonferanse: digital kompetanse i kommunane** | **Ansvarleg oppfølging** |
|---|---|
| 21. november er det avslutningskonferanse i prosjektet «Digital kompetanse i kommunane». Styringsgruppa synest det er viktig at Volda kommune er representerte på konferansen, ettersom kommunen har vore ein aktiv deltakar i prosjektet frå starten av.<br><br>Det vert føreslått at følgjande personar deltek på vegne av Volda:<br><br>• Karianne Sveen Orvik (prosjektleiar, velferdsteknologi)<br>• Svein Berg-Rusten (kommunalsjef, Helse og omsorg)<br>• Ein representant frå Personalavdelinga | JR |

| **Aktivitet**<br>**4. Eventuelt** | **Ansvarleg oppfølging** |
|---|---|
| **Overlevering – Nordfjordnett til SSIKT**<br>Prosjektleiar Rune Sjurgard har signalisert at han ynskjer ein dato for overføring av data frå Nordfjordnett til SSIKT. Dette for å sikre at data og tilgangar ikkje går tapt ved overgang til SSIKT-nettverk for dei som jobbar i dagens Hornindal kommune. | SSIKT/<br>Nordfjordnett |

| | |
|---|---|
| **Sluttrapport – prosjekt Nye Volda**<br>Prosjektleiar Rune Sjurgard føreslår at det vert lagt fram ein sluttrapport på samanslåingsprosjektet, som vert lagt fram for det nye kommunestyret som orientering ved utgangen av 2019. Asbjørn Moltudal vart beden som å følgje opp dette. | AM |

**Møtet slutt 11:15**

*Volda, 03.10.2019*

*Joakim Rødven*
*Kommunikasjonsrådgjevar*